

Lindåsrådmannen tek til seg gode råd frå Os kommune:

17.6-2015

«Nei» har bevisbyrda

LINDÅS: - Det skal ikkje vera den som søker som skal bruka all verdas tid på å forklara.

MORTEN SÆLE
morten.saele@nordhordland.no

Det seier ordførar i Os kommune, Terje Søviknes. Måndag orienterte han om korleis Os har blitt ein ja-kommune med stor fokus på vekst. Han ser mange parallellar til Lindås.

- På mange måtar er vi like som randkommunar. Vi har lenge samanknna oss med Lindås, men vi måtte gi oss, de har så steike mykje pengar i denne kommunen, at det vart urealistisk, seier Søviknes, med adresse til eigedomsskatten i Lindås, ein skatt Os klarer seg utan.

Viktig prinsipp

- Det viser at det ikkje alltid er pengar som skal til, seier han om snuoperasjonen dei har lukkast med.

- Eit viktig prinsipp for oss i byggesaker er at «nei» har bevisbyrda, det skal ikkje vera all verdas tid på å forklara kvifor han skal få lov å bygga, seier Søviknes. Han legg vekt på at handsaminga må gjerast enklast mogleg.



FOR MANGE JURISTAR: Karl Atle Taule meiner juristar som sakshandsamarar er ei utfordring for prosessen.

ein bruka kor mykje tid som helst om ein skal vurdera absolutt alle moglegheit. Er det gode grunnar for meir grundig sakshandsaming, så skal ein gjera det, om ikkje, så må ein berre køyra gjennom, seier han om filosofien i Os.

I publikum sat mellom anna politikarar, utbyggjarar og rådmannen i Lindås.

Inspirert av Os

Rådmann Ørjan Raknes Forthun seier han har tatt til seg mykje av det dei har gjort i

Karl Atle Taule, dagleg leiar i Ing. Taule AS, meiner juristar som sakshandsamarar er ei utfordring, og får støtte frå Søviknes.

- Min erfaring er at jo fleire med ingenjærutdanning og byggefagleg bakgrunn, jo betre. Jo fleire juristar, jo verre vert sakshandsaminga, seier Søviknes.

- Eg vil ikkje henga ut juristar, men det blir veldig fort veldig formalistisk. Det må ikkje bli det som får hovudfokus i kommunen si handtering i byggesaker, seier han.

er utfordringa.

- Vi får mange tilbakemeldingar på alle juristane vi har hos oss, men det er berre to av åtte. Det har ikkje med det å gjera, men ein kultur på korleis ein svarar både skriftleg og munnleg, seier Forthun.

- Vi må få eit språk som ikkje er vanskeleg å forstå. Det er ein kultur i avdelinga som vi skal jobba med, seier han.

Gamle planar

Ei anna utfordring som senkar sakshandsaminga er utdaterte



JA-KOMMUNE: Ordførar Terje Søviknes, Os kommune.



RÅDMANN: Ørjan Raknes Forthun
ARKIVFOTO

betrar at det må lagast ny reguleringsplan eller dispensasjon. Om vi får gjennom ei sak politisk der ein seier at kommunedelplanen skal gjelda, er problemet løyst, seier han.